



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 12.02.2020
Vår ref: 19/03769-4
Deres ref: 19/1175 - 19/24102

Fråsegn til offentleg ettersyn og høyring av områderegulering for Midtmarka og Rotemyra i Meland kommune.

Ladebekken 50
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 12. desember 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Saka

Hovudformåla i planframlegget er bustad, næring, og offentlege tenester, kombinert med samferdsleanlegg og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Planen opnar for om lag 3 000 bueiningar, hovudsakleg i konsentrerte bustadområde.

Fråsegn

DMF kan ikkje sjå at det føreslegne planområdet kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av områderegulering for Midtmarka og Rotemyra.

Dersom det i samband med vidare behandling av planen viser seg at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Åshild Grønlien Østmoe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe

Mottakarar:

Meland kommune

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Kopi til: